



## Sykylven kommune

Arkiv: FE-151  
JurnalpostID: 20/14768  
Saksbehandlar: Arild Bergstrøm  
Dato: 02.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/20	Arbeidsmiljøutvalet	12.11.2020
PS 65/20	Nærings- og utviklingsutvalet	16.11.2020
PS 20/20	Rådet for funksjonshemma	17.11.2020
PS 15/20	Eldrerådet	10.11.2020
PS 59/20	Levekårsutvalet	17.11.2020
PS 32/20	Ungdomsrådet	05.11.2020
PS 115/20	Formannskapet	26.11.2020
PS	Kommunestyret	

### Årsbudsjett år 2021 - Økonomiplan år 2021 - 2024

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak

#### Ungdomsrådet - 32/20

#### **UNGD - behandling:**

Web-Tv - kommunedirektøren si presentasjon av utkastet til budsjett vart delvis vist pga. tidspress. Spørsmål og innspel frå medlemene.

#### **UNGD - Vedtak:**

Ungdomsrådet viser forståing for nedlegging av barnehagar, og synast det er meir bekymringsfullt med kutt i skule og helsevesen. Ein kan frykte at kutta kan gå ut over læringa, spesielt for elevar med særskilt behov. Med det i tankane så er rådet bekymra for ein vond sirkel som kan gi større problem for skule og læring på sikt. Dette kan føre til meir utflytting frå kommunen, som igjen vil føre til ytterlegare kutt i framtidige budsjett.

Rådet viser forståing for at ein ikkje kan prioritere alt, td. uteområdet på ungdomsskulen slik situasjonen er no.

#### Elderådet - 15/20

#### **ELD - behandling:**

Kommunedirektør Geir Ove Vegsund orienterte og svare på spørsmål.

**ELD - Vedtak:**

Uttale frå eldrerådet.

Eldrerådet i Sykkylven har i møte 10. november 2020 fått informasjon om utkast til budsjett for 2021 og økonomiplan for perioden 2021-2024 frå kommunedirektøren.

Den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune er vanskeleg, og eldrerådet forstår at kommunen har økonomiske utfordringar. Men, slik det kjem fram i utkast til budsjett for 2021 vil det bli nedskjeringar på Buas og Heimetenestene som vil føre til nedbemannning.

Eldrerådet er svært bekymra over dette, og vi ser kva einingsleiarane på Buas og Heimetenestene skriv i sine kommentarar om kva dei treng for å drive ei god teneste. Eldrerådet er uroa over om desse einingane i år 2021 framleis kan drivast på forsvarleg vis.

**Arbeidsmiljøutvalet - 19/20****AMU - behandling:**

Orientering ved kommunedirektør og kommunalsjefane.

Forslag til vedtak frå hovudverneombod Anne Berit Flote Myhre:

- AMU ønskjer å påpeike overfor kommunestyret at det er viktig at kommunen tek vare på dei tilsette og i ein eventuell nedbemanningsprosess følgjer dei reglane og avtaleverk som krevst i ein slik prosess.
- Det er viktig at ein tek med hovudtillitsvalde og hovudverneombod i denne prosessen, og følgjer kommunen sine retningslinjer for omstilling.
- Innvolvering, lik informasjon til alle og ivaretaking må gjelde både dei som må gå og dei som blir igjen.
- Det er viktig at kommunen følgjer opp sjukefråværet og avvik i etterkant av denne eventuelle nedbemannninga.

Forslag til vedtak frå Otto Magne Strømmegjerde:

- Med utg.punkt i framlagde budsjettforslag frå kommunedirektøren, ser AMU at det er store fare for at tilsette vil verte råka av nedskjeringar og evt oppseiingar.
- AMU peikar på at i ein nedbemanningsituasjon er det viktig med gode rutinar, og at lover og reglar vert følgde.
- AMU er også uroa med tanke på den auka arbeidsmengda og dei arbeidsmiljøutfordringane som vil dermed oppstå på ulike kommunale arbeidsplassar.

Seinare i debatten trekte Otto Magne Strømmegjerde forslaget.

Forslaget frå hovudverneombodet vart deretter samråystes vedteke.

**AMU - Vedtak:**

- AMU ønskjer å påpeike overfor kommunestyret at det er viktig at kommunen tek vare på dei tilsette og i ein eventuell nedbemanningsprosess følgjer dei reglane og avtaleverk som krevst i ein slik prosess.
- Det er viktig at ein tek med hovudtillitsvalde og hovudverneombod i denne prosessen, og følgjer kommunen sine retningslinjer for omstilling.
- Innvolvering, lik informasjon til alle og ivaretaking må gjelde både dei som må gå og dei som blir igjen.
- Det er viktig at kommunen følgjer opp sjukefråværet og avvik i etterkant av denne eventuelle nedbemannninga.

**Nærings- og utviklingsutvalet - 65/20****NU - behandling:**

Fellesforslag, foreslått av Karna Myhre, Arbeiderpartiet

NU ber om at busslomme blir innarbeidd i budsjettet for 2021 ved at posten til disposisjon for formannskapet vert redusert med 2,5 millionar kr, og at ny post Busslomme sentrum vert ført opp med 2,5 millionar kr.

NU ser det vanskeleg å prioritere utbygging og drift av tømmestasjon for bobilar på grunn av dei stramme økonomiske rammene.

Økonomisjef Arild Bergstrøm svara på spørsmål frå utvalet.

Nærings- og utviklingsutvalet kom fram til følgande felles framlegg til vedtak:

NU ber om at busslomme i sentrum blir innarbeidd i budsjettet for 2021 ved at posten til disposisjon for formannskapet vert med 2,5 millionar kr, og at ny post Busslomme sentrum vert ført opp med 2,5 millionar kr.

NU ser det vanskeleg å prioritere utbygging og drift av tømmestasjon for bobilar på grunn av dei stramme økonomiske rammene.

Avrøyting: Felles framlegg til vedtak frå nærings- og utviklingsutvalet vart samrøyistes vedteke.

**NU - Vedtak:**

NU ber om at busslomme blir innarbeidd i budsjettet for 2021 ved at posten til disposisjon for formannskapet vert redusert med 2,5 millionar kr, og at ny post Busslomme sentrum vert ført opp med 2,5 millionar kr.

NU ser det vanskeleg å prioritere utbygging og drift av tømmestasjon for bobilar på grunn av dei stramme økonomiske rammene.

## Rådet for funksjonshemma - 20/20

### **FUNKS - behandling:**

Rådet drøfta saken. Saken vart utsett.

### **FUNKS - Vedtak:**

Saken vart utsett.

## Levekårsutvalet - 59/20

### **LK - behandling:**

Kommunalsjef oppvekst Bjørnar Midtbust, kommunalsjef helse Eli Otterlei, og økonomisjef Arild Bergstrøm svara på spørsmål frå utvalet.

Otto Magne Strømmegjerde (AP) la fram følgande framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet er uroa når det gjeld konsekvensen av dei rammedeskjeringane som blir lagt på heile drifta, og vise i dette tilfellet spesielt til koronasituasjonen, som kan kome til å bli svært utfordrande.

Avrøyting: Otto Magne Strømmegjerde sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster og vart vedteke.  
2 røysta mot.

### **LK - Vedtak:**

Levekårsutvalet er uroa når det gjeld konsekvensen av dei rammedeskjeringane som blir lagt på heile drifta, og vise i dette tilfellet spesielt til koronasituasjonen, som kan kome til å bli svært utfordrande.

## Formannskapet - 115/20

### **FSK - behandling:**

Odd Krüger sette fram felles forslag til budsjettinnstilling på vegne av SP, H, V og KrF:

1. Inntekts- og formuesskatt Det kommunale skatteøret for år 2021 skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten vert også rekna etter høgast lovlege sats.

2. Eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ for skatteåret 2021 nyttast: g) faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatten vert sett til 2,7 promille (esktl. § 13). Sjølv om eigedomsskatt også er medteke i årsbudsjetta for år 2021 tom år 2024 må dette takast stilling til kvart år; skal ein ha eigedomsskatt? Kva promillesats skal nyttast ved utskriving kvart år? Eigedomsskatt oppført i åra 2021 tom år 2024 i Økonomiplan år 2021 – 2024, åra 2021 tom år 2024 er dermed juridisk sett berre retningsgivande for kommunedirektørens budsjettutkast i dei åra.

3. Sykkylen kommunestyre godkjenner kommunedirektørens utkast til investeringsbudsjett år 2021–2024, slik det går fram av Budsjetttskjema 2A, med slike endringar og prioriteringssignal:

Det skal gjennomførast ei vurdering av kva som vil vere aktuelle bruksområder for Sparebankbygget

som kommunen nyleg kjøpte. I dette arbeidet skal det og vurderast korleis kommunen kan bruke det uteområdet som utgjer ein relativt stor del av tomta. Det vert sett av kr 1 000 000 til investeringar i uteområdet.

Administrasjonen vert oppmota om å starte opp eit arbeidet med å kartlegge og skildre ulike organisasjonsmodellar for eigedomsforvaltning. Målsettinga med arbeidet er å sikre ei god, framtidssretta og berekraftig kommunal eigendomsforvaltning - av alle kommunen sine eigedommar og tilhøyrande bygningar.

Det vert sett av kr 1 700 000 til delfinansiering av nye brann-/tankbil for 2021. For 2022 vert det sett av ytterlegare kr 1 700 000 til denne investeringa. Det vert arbeidd for å etablert eit samarbeid med private vassverk for endeleg fullfinansiering.

Det vert sett av kr 1 500 000 i investeringsbudsjettet til etablering av ei ny busslomme i sentrum.

«Investeringstilskott» til uteområder i kommunale barnehagar står ubrukt i år. – Dette vert rebudsjettet for 2021 med kr 100.000.

*Av investeringsmidlane for 2020 vart det sett av kr 500.000 til trafikktryggingstiltak som t.d. betre belysning ved gangfelt og vegkryss og andre aktuelle tiltak. Dette vart ikkje brukt og beløpet vert såleis rebudsjettet for 2021.*

Det vert for 2021 sett av kr 500 000 til etablering av fortau langs vegen frå YX-stasjonen sørover til krysset mot vegen til Øvre Tynes .

Det vert sett av kr 350 000 for å få etablert ein tømmestasjon i kommunen for bilar.

Det er framleis eit stort potensiale for energisparing gjennom ENØK-tiltak og investeringar i dei kommunale helse- og omsorgsinstitusjonane i kommunen. Kommunestyret legg til grunn at dette arbeidet vert vidareført også i 2022.

Sykylven kommune skal ved kommunale investeringar og drift så langt praktisk råd er, legge til grunn FN sine 17 berekraftmål.

4. For å finansiere investeringane i år 2021, jf. kommunelova § 14–15, vert det teke opp eit lån stort kr 83 435 875, etter at posten til formannskapet sin disposisjon er sett ned til kr 2 000 000.

Det vert teke opp Startlån i Husbanken for vidareutlån i 2021, stort kr 10 000 000, jf. kommunelova § 14-17.

5. Sykylven kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet/økonomiplan for år 2021 - 2024, slik det går fram av utkast frå kommunedirektøren i Budsjettkjema 1A og 1B med desse endringane:

Det vert lagt til grunn ein auke i skatteanslaget med kr 4 000 000 for 2021 utover kommunedirektøren sitt forslag.

I høve til kommunedirektørens budsjettutkast ser vi eit klart behov for å styrke budsjettramma innan Helse og omsorg. Den samla ramma for Helse, omsorg og velferd vert difor høgda med kr 3 000 000 for å skjerme tenestetilbodet mest mogleg.

Kommunestyret ynskjer også ei vurdering av ramma for opplæringssenteret opp imot ramma for ungdomsskulen.

Kommunestyret vil framleis sette fokus på overgang frå ungdomsskolen til vidaregåande skule. Det er

iktig at elevane får god rettleiing frå kompetente rådgivarar, både for yrkesfag og studiespesialisering. Det bør særleg leggast vekt på et godt samarbeid knytt til tilboda ved Sykylven vidaregåande skule. Spesielt i år med avgrensa høve til utdanningsmessar. Det er vidare viktig å utnytte MOT-tilboden som begge skulane har som et middel i overgangen for å skape god psykisk helse og trivsel.

Behovet for barnehageplassar vert kartlagt ved eit «førebels opptak» til våren neste år, før endeleg beslutning vert gjort med tanke på å ta ut ledig kapasitet.

Budsjettet til Sykylven kyrkjelege fellesråd vert styrka med kr 150.000 for 2021 i driftstilskot.

Det er budsjettet med kr 7 000 0000 i utbytte frå Sykylven Energiverk a.s. i budsjettutkastet. På grunn av eit pårekna svakare resultat for selskapet for 2020, vert denne summen sett ned med kr 500 000 til kr 6 500 000.

Med bakgrunn i at den økonomiske situasjonen for kommunen vil bli krevjande i åra som kjem, finn vi grunn til å redusere godtgjersla til politikarane for møter i kommunestyret og råd og utval, inkludert formannskapet, med 10 % i høve til satsane som vert nytta for 2020. I tillegg vert budsjettposten redusert på grunn av mindreforbruk for inneverande år.

Samla vert budsjettet for møtegodtgjersle (inkl. arbeidsgjevaravgift) sett ned med kr 550.000 pr. år for perioden 2021 - 2023.

Fleire oppdrettsprosjekt ligg i løypa for realisering i planperioden i kommunen. Dette vil kunne gje oss inntekter, truleg alt i 2023 og 2024. Vi legg difor inn kr 3 000 000 pr. år i forventa «konsesjonsinntekter» frå Havbruksfondet i kvar av desse to åra.

Driftsbudsjett for 2021 vert å belaste med vår del av kostnaden til utarbeiding av den interkommunalplanen for Storfjorden. Vår del av kostnaden vert sett til kr 125.000.

Som ein forløper til ordninga med fritidskortet som regjeringa har under utvikling, ynskjer vi at vår kommune skal vere med i «kontantkasse-ordninga» som organisasjonane har teke initiativet til. Vi set difor av kr 40 000 til dette i budsjettet. Samtidig skal ein også i 2021 prøve å få kommunen med i ev. pilotprosjekt i den nasjonale ordninga, slik vi prøvde i år.

Endringane ovanfor styrker balansen i driftsbudsjettet for 2021 med netto kr. 735 000 som gir tilsvarande bruk av disposisjonsfondet. For åra 2022 vert mindre bruken kr 550 000, og for 2023 og 2024 kr 3 550 000 for kvart av åra i mindrebruk/styrking av disposisjonsfondet.

Kommunestyret ber om at det i byrjinga av 2021 vert lagt fram sak for formannskapet med oversikt over alle kommunale bustadtomter med prisar. Målet er å få selt flest mogleg av desse.

Kommunestyret ser det som svært viktig at ein legg ein plan for korleis krinsar som har eller vil miste skule/barnehage, likevel skal vere attraktive buområder. Det må leggast opp til ein tett dialog med grendene om kva tiltak dei ser for seg vil vere viktigast for bumiljøet i kvar krins. Ei sak om dette må leggast fram for levekårutvalet, formannskapet og kommunestyret på vårparten i 2021.

Vi merkar oss og ser det som viktig, at den nye kommunedirektøren signaliserer at han vil ta initiativ til ein gjennomgang av den administrative organiseringa i kommunen, med målsetting om å få denne så effektiv som mogleg.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettkjema 1B i samsvar med budsjett dokumenta og dei endringane budsjettvedtaket gir. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjetterte utgifter til pensjon. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å justere budsjettet når einingane vil bruke midlar frå tidlegare pliktige avsettingar, eller gjere pliktige

avsettingar i årets budsjett. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å regulere budsjettpostar innan budsjettskjema 1B

7. Dei endelege nettoramme for einingane er bindande for einingane si disponering av budsjettmidlane.

8. Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000.

9. Kommunale betalingssatsar er avklara i eigne saker.

10. For året 2021 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

11. For året 2021 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

12. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

13. Økonomiplanen år 2022 er grunnlaget for arbeidet med årsbudsjettet for år 2022. Budsjettutkast frå administrasjonen vert då fremja i samsvar med driftsramme og investeringsramme som økonomiplanen fastset.

14. Det skal tertialvis leggast fram oversikt over tal på tilsette og årsverk samanlikna med budsjettvedtaket.

15. Ved utarbeiding av budsjettutkastet for 2022 må det takast omsyn til signal om trekk i rammeoverføringer, bortfall av statlege tilskott som er tidsavgrensa o.l., slik at budsjettutkastet ikkje legg opp til eit for høgt driftsnivå

AP v Hans Petter Brunstad Sørensen sette fram forslag som etter justeringar under debatten vart slik:  
Helse, omsorg og velferd:

- *Kommunestyret vedtek redusere utgifter til vikarbyrå for å auke grunnbemanninga i heiltidsstillingar i 2021.*
- *Administrasjonen vert bedt om å vurdere å melde seg inn i KLPs arbeidsmiljønettverk der eit av måla er å auke grunnbemanninga i Helse, omsorg og velferd.*

Oppvekstsektoren:

Barnehage

- Kommunestyret ønskjer ikkje no å legge ned nokon barnehagar, men at ein finn midlar til vidare drift når rekneskapen for 2020 blir lagt fram.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei høyring for å avdekke andre konsekvensar enn berre dei økonomiske, ved ei eventuell nedlegging.

Skule:

- Kommunestyret styrkar grunnskulebudsjettet med kroner 500 000,- for 2021. Midlane blir fordelt etter elevtalet på dei ulike skulane. Midlane blir finansiert ved hjelp av disposisjonsfondet.

Bustadpolitikk:

- *Sykylven kommunestyre oppmøder Sykylven bustadselskap om å greie ut*

*moglegheita for å bygge rimelege utleiebustadar for kort- og langtidsutleige.*

Investeringsbudsjettet:

Arbeidarpartiet støttar posisjonen sitt framlegg.

Frp v. Olav Harald Ulstein gjekk inn for utkastet til kommunedirektøren.

**AVRØYSTING:**

Først vart fellesframlegget sett fram av Krüger sett opp mot utkastet frå kommunedirektøren.

7 røysta for fellesframlegget og 2 røysta for kommunedirektøren sitt utkast slik det ligg føre.

Deretter vart det røysta punktvis over forslaga til tilleggspunkt frå AP:

Kulepunkt 1 under Helse, omsorg og velferd: Fekk 2 røyster og fall.

Kulepunkt 2 under Helse, omsorg og velferd: Vert tilrådd med 5 mot 4 røyster

Kulepunkt 1 og 2 under barnehage: Fekk 2 røyster og fall.

Kulepunktet under skule: Vert tilrådd med 7 mot 2 røyster.

Kulepunktet under Bustadpolitikk: Vert tilrådd med 7 mot 2 røyster.

**FSK - Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjøre slik vedtak:

1. Inntekts- og formuesskatt Det kommunale skatteøret for år 2021 skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten vert også rekna etter høgast lovlege sats.

2. Eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ for skatteåret 2021 nyttast: g) faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatten vert sett til 2,7 promille (esktl. § 13). Sjølv om eigedomsskatt også er medteke i årsbudsjetta for år 2021 tom år 2024 må dette takast stilling til kvart år; skal ein ha eigedomsskatt? Kva promillesats skal nyttast ved utskriving kvart år? Eigedomsskatt oppført i åra 2021 tom år 2024 i Økonomiplan år 2021 – 2024, åra 2021 tom år 2024 er dermed juridisk sett berre retningsgivande for kommunedirektørens budsjettutkast i dei åra.

3. Sykkylven kommunestyre godkjenner kommunedirektørens utkast til investeringsbudsjett år 2021–2024, slik det går fram av Budsjetteskjema 2A, med slike endringar og prioriteringssignal:

Det skal gjennomførast ei vurdering av kva som vil vere aktuelle bruksområder for Sparebankbygget som kommunen nyleg kjøpte. I dette arbeidet skal det og vurderast korleis kommunen kan bruke det uteområdet som utgjer ein relativt stor del av tomta. Det vert sett av kr 1 000 000 til investeringar i uteområdet.

Administrasjonen vert oppmoda om å starte opp eit arbeidet med å kartlegge og skildre ulike organisasjonsmodellar for eigedomsforvaltning. Målsettinga med arbeidet er å sikre ei god, framtidssikr og berekraftig kommunal eigendomsforvaltning - av alle kommunen sine eigedommar og tilhøyrande bygningar.

Det vert sett av kr 1 700 000 til delfinansiering av nye brann-/tankbil for 2021. For 2022 vert det sett av ytterlegare kr 1 700 000 til denne investeringa. Det vert arbeidd for å etablert eit samarbeid med private vassverk for endeleg fullfinansiering.

Det vert sett av kr 1 500 000 i investeringsbudsjettet til etablering av ei ny busslomme i sentrum.

«Investeringstilskott» til uteområder i kommunale barnehagar står ubrukt i år. – Dette vert rebudsjettert for 2021 med kr 100.000.

*Av investeringsmidlane for 2020 vart det sett av kr 500.000 til trafikktryggingstiltak som t.d. betre belysning ved gangfelt og vegkryss og andre aktuelle tiltak. Dette vart ikkje brukt og beløpet vert såleis rebudsjettert for 2021.*

Det vert for 2021 sett av kr 500 000 til etablering av fortau langs vegen frå YX-stasjonen sørover til krysset mot vegen til Øvre Tynes .

Det vert sett av kr 350 000 for å få etablert ein tømmestasjon i kommunen for bubarlar.

Det er framleis eit stort potensiale for energisparing gjennom ENØK-tiltak og investeringar i dei kommunale helse- og omsorgsinstitusjonane i kommunen. Kommunestyret legg til grunn at dette arbeidet vert vidareført også i 2022.

Sykylven kommune skal ved kommunale investeringar og drift så langt praktisk råd er, legge til grunn FN sine 17 berekraftmål.

4. For å finansiere investeringane i år 2021, jf. kommunelova § 14–15, vert det teke opp eit lån stort kr 83 435 875, etter at posten til formannskapet sin disposisjon er sett ned til kr 2 000 000.

Det vert teke opp Startlån i Husbanken for vidareutlån i 2021, stort kr 10 000 000, jf. kommunelova § 14-17.

5. Sykylven kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet/økonomiplan for år 2021 - 2024, slik det går fram av utkast frå kommunedirektøren i Budsjettskjema 1A og 1B med desse endringane:

Det vert lagt til grunn ein auke i skatteanslaget med kr 4 000 000 for 2021 utover kommunedirektøren sitt forslag.

I høve til kommunedirektørens budsjettutkast ser vi eit klart behov for å styrke budsjetttramma innan Helse og omsorg. Den samla ramma for Helse, omsorg og velferd vert difor høgda med kr 3 000 000 for å skjerme tenestetilbodet mest mogleg.

Kommunestyret ynskjer også ei vurdering av ramma for opplæringssenteret opp imot ramma for ungdomsskulen.

Kommunestyret vil framleis sette fokus på overgang frå ungdomsskolen til vidaregåande skule. Det er viktig at elevane får god rettleiing frå kompetente rådgivarar, både for yrkesfag og studiespesialiserande. Det bør særleg leggast vekt på et godt samarbeid knytt til tilboda ved Sykylven vidaregåande skule. Spesielt i år med avgrensa høve til utdanningsmessar. Det er vidare viktig å utnytte MOT-tilbodet som begge skulane har som et middel i overgangen for å skape god psykisk helse og trivsel.

Behovet for barnehageplassar vert kartlagt ved eit «førebels opptak» til våren neste år, før endelig beslutning vert gjort med tanke på å ta ut ledig kapasitet.

Budsjetttramma for Sykylven kyrklelege fellesråd vert styrka med kr 150.000 for 2021 i driftstilskot.

Det er budsjettet med kr 7 000 000 i utbytte frå Sykylven Energiverk a.s. i budsjettutkastet. På grunn av eit pårekna svakare resultat for selskapet for 2020, vert denne summen sett ned med kr 500 000 til kr 6 500 000.

Med bakgrunn i at den økonomiske situasjonen for kommunen vil bli krevjande i åra som kjem, finn vi grunn til å redusere godtgjersla til politikarane for møter i kommunestyret og råd og utval,

inkludert formannskapet, med 10 % i høve til satsane som vert nytta for 2020. I tillegg vert budsjettposten redusert på grunn av mindreforbruk for inneverande år.  
Samla vert budsjettet for møtegodtgjersle (inkl. arbeidsgjevaravgift) sett ned med kr 550.000 pr. år for perioden 2021 - 2023.

Fleire oppdrettsprosjekt ligg i løypa for realisering i planperioden i kommunen. Dette vil kunne gje oss inntekter, truleg alt i 2023 og 2024. Vi legg difor inn kr 3 000 000 pr. år i forventa «konsesjonsinntekter» frå Havbruksfondet i kvar av desse to åra.

Driftsbudsjett for 2021 vert å belaste med vår del av kostnaden til utarbeiding av den interkommunalplanen for Storfjorden. Vår del av kostnaden vert sett til kr 125.000.

Som ein forløper til ordninga med fritidskortet som regjeringa har under utvikling, ynskjer vi at vår kommune skal vere med i «kontantkasse-ordninga» som organisasjonane har teke initiativet til. Vi set difor av kr 40 000 til dette i budsjettet. Samtidig skal ein også i 2021 prøve å få kommunen med i ev. pilotprosjekt i den nasjonale ordninga, slik vi prøvde i år.

Endringane ovanfor styrker balansen i driftsbudsjettet for 2021 med netto kr. 735 000 som gir tilsvarende bruk av disposisjonsfondet. For åra 2022 vert mindre bruken kr 550 000, og for 2023 og 2024 kr 3 550 000 for kvart av åra i mindrebruk/styrking av disposisjonsfondet.

Kommunestyret ber om at det i byrjinga av 2021 vert lagt fram sak for formannskapet med oversikt over alle kommunale bustadomter med prisar. Målet er å få selt flest mogleg av desse.

Kommunestyret ser det som svært viktig at ein legg ein plan for korleis krinsar som har eller vil miste skule/barnehage, likevel skal vere attraktive buområder. Det må leggast opp til ein tett dialog med grendene om kva tiltak dei ser for seg vil vere viktigast for buminiløjet i kvar krins. Ei sak om dette må leggast fram for levekårutvalet, formannskapet og kommunestyret på vårparten i 2021.

Vi merkar oss og ser det som viktig, at den nye kommunedirektøren signaliserer at han vil ta initiativ til ein gjennomgang av den administrative organiseringa i kommunen, med målsetting om å få denne så effektiv som mogleg.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettskjema 1B i samsvar med budsjett dokumenta og dei endringane budsjettvedtaket gir. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjetterte utgifter til pensjon. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å justere budsjettet når einingane vil bruke midlar frå tidlegare pliktige avsettingar, eller gjere pliktige avsettingar i årets budsjett. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å regulere budsjettpostar innan budsjettskjema 1B

7. Dei endelege nettoramme for einingane er bindande for einingane si disponering av budsjettmidlane.

8. Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000.

9. Kommunale betalingssatsar er avklara i eigne saker.

10. For året 2021 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

11. For året 2021 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

12. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.
13. Økonomiplanen år 2022 er grunnlaget for arbeidet med årsbudsjettet for år 2022. Budsjettutkast frå administrasjonen vert då fremja i samsvar med driftsramme og investeringssramme som økonomiplanen fastset.
14. Det skal tertialvis leggast fram oversikt over tal på tilsette og årsverk samanlikna med budsjettvedtaket.
15. Ved utarbeiding av budsjettutkastet for 2022 må det takast omsyn til signal om trekk i rammeoverføringer, bortfall av statlege tilskott som er tidsavgrensa o.l., slik at budsjettutkastet ikkje legg opp til eit for høgt driftsnivå.
16. Administrasjonen vert bedt om å vurdere å melde seg inn i KLPs arbeidsmiljønettverk der eit av måla er å auke grunnbemanningsnivå i Helse, omsorg og velferd.
17. Kommunestyret styrkar grunnskulebudsjettet med kroner 500 000,- for 2021. Midlane blir fordelt etter elevtalet på dei ulike skulane. Midlane blir finansiert ved hjelp av disposisjonsfondet.
18. Sykkylven kommunestyre oppmøder Sykkylven bustadselskap om å greie ut moglegheita for å bygge rimelege utleigebustadar for kort- og langtidsutleige.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren har utarbeidd eit utkast. Dette er lagt ved saka.

Formannskapet skal lage innstilling til kommunestyret.

### Saksopplysningar

Regjeringa signaliserer at ho den 6. nobember vil legge fram eit tilleggsnummer til statsbudsjettet der innbyggartilskotet til kommunane vil bli auka med 4,4 milliardar kroner. Av dette vil 6,3 millionar kroner gå til Sykkylven kommune som dekking av koronautgifter i 1. halvår 2021.

Kommunen har ikkje budsjettert med koronautgifter i år 2021, og vil kome attende med sak om fordeling av midlane.

Til orientering har kommunen per 2. noveber nytta vel 6,6 millionar kroner på koronautgifter.

### Vurdering

«Skriv her»

### Økonomiske konsekvenser

«Skriv her»

Geir Ove Vegsund  
kommunedirektør

**Vedlegg:**

Kommunedirektørens budsjettutkast Økonomiplan 2021-2024  
Kommunal ramme til drift av administrasjon kyrkje og gravpla(49041)